

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

---

Dato	26.03.2025
Vår referanse	2025/19140-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Øystein Wallevik
E-post	Oystein.Wallevik@vlfk.no
Telefon	92031295

### Fråsegn sak 202505770 - søknad mellombels fråvik frå manøvreringsreglement - Arnafjordvassdraget - Vik kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om mellombels fråvik frå manøvreringsreglement for Kvilesteinsvatn i Arnafjordvassdraget i Vik kommune frå 07.04.2025 – 20.06.2025. Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Miljømålet for sterkt modifiserte vassførekomstar etter vassforskrifta er godt økologisk potensial innan 2027.

Eventuelt fråvik skal skje grunna ei lovpålagt revurdering av dammane i Kvilesteinsvatn, jf. damtryggleiksforskrifta § 7-5. Statkraft vurderer sjølv effektane av å gå under lågaste regulerte vasstand (LRV) som små og mellombelse for fiskebestanden i vatnet.

Vestland fylkeskommune har ingen avgjerande merknader til nedtappinga av magasinet, men tek atterhald om at søkjar etterlev sine egne føringar om å minimere tida med vasstand under LRV og tapping ut av magasinet. Så snart inspeksjon av tappeventil og hovuddam er gjennomført, skal Statkraft stenge tappeventilen for at vasstanden raskast mogleg kjem over LRV att.

Med helsing

Øystein Wallevik  
rådgjevar  
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*